



## Statens vegvesen

Isdal Felles

Vidar Ingebregtsen

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/46885-6

Dykkar referanse:

Vår dato:  
09.11.2018

### Svar – Avkjørsle – Fv. 57 – Gnr. 185 bnr. 1 til 7 – Lindås kommune

Vi viser til søknad av 06.03.2018. Vi viser også til vidare korrespondanse i saka.

#### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til etablering av landbruksavkjørsle frå fv. 57 til gnr. 185 bnr. 1 m.fl. i Lindås kommune.

#### Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkjørsla skal plasserast i tråd med skisse for avkjørsle (M1:500 og M1:1000), som er vedlagt. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkjørsle*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld landbruksavkjørsle for uttak av tømmer.
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 138 meter til kvar side av køyrebanen. Eventuell planter og liknande kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *Krav til utforming av avkjørsle*).
4. Svingradius skal vere 12 meter (24 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkjørsla skal vere 8,5 meter (sjå *Krav til utforming*).
5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkjørsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
8. Dersom avkøyrsla går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsl*.
9. **Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.**
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med å opparbeide avkøyrsla vil krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

### **Bakgrunnen for vedtaket**

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Vi er i utgangspunktet kritisk til å etablere nye avkøyrslar på denne strekninga. Dette fordi fv. 57 er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon. Det er difor viktig å oppretthalde transportfunksjonen og målet om ei effektiv trafikkavvikling.

I søknaden er det opplyst at driftstida for uttak av tømmer vil vere på 4 – 6 månader. Det er difor ein klar føresetnad for løyve at det vert planlagt for effektiv drift og at driftstida vert så kort som mogleg. Før drifta vert sett i gang må ein søkje om ny arbeidsvarsling. Vegen skal vere stengt med bom når den ikkje er i bruk

### **Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen

Region vest PB. 43, 6863 Leikanger eller til firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

### **Vedlegg**

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)

Situasjonsplan: Lindås – Fv. 57 – Skisse avkøyrslø M1:500 og M1:1000

Krav til utforming av avkøyrslø

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Statens vegvesens saksnummer 18/46885

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå Fv. 57, hp 1, km 3,642, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 09.11.2018.

.....  
Sted/dato

underskrift søkar/grunneigar

.....  
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Statens vegvesen region vest, PB. 43, 6863 Leikanger eller til firmapost-vest@vegvesen.no



Teiknforklaring:

— Frisiktlinjer, 4x138m, ift fv. jfr. N100

⤴ Avkjørsel, R=12m

8,5m Bredde i smaleste punkt i avkjørselen jfr. V121

M.stokk: 1:500 i A4

Vedrørende utstyr til fartsmålerne: stolpe med strømskap til fartsmåler res ikke. Likeledes sløyfer i fylkesvegen. Rørtrasè mellom fartstavlene går i g/s-veg. Skader på utstyret må erstattes av tiltakshaver/entreprenør.





Teiknforklaring:

— Frisiktlinjer, 4x138m, ift fv. jfr. N100

— Avkjørsel r=12

8,5m Bredde i smaleste punkt i avkjørselen jfr. V121

Vedrørende utstyr til fartsmålerne: stolpe med strømskap til fartsmåler res ikke. Likeledes sløyfer i fylkesvegen. Rørtrasè mellom fartstavlene går i g/s-veg. Skader på utstyret må erstattes av tiltakshaver/entreprenør.


M.stokk: 1:1000 i A4




# KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

## PLANSKISSE AV AVKØYRSLE


Revidert  
02/2017



### LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE



### SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE



### MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE

